



Foto: Magne Sandnes/Vestland fylkeskommune

# Handbok lærekandidat



Vestland  
fylkeskommune



# Innhald

Innleiing	4
Tidleg innsats	4
Målet med lærekandidatordninga	5
Kva er ein lærekandidat?	7
Kven kan bli lærekandidat?	7
Tilpassa læreplan	8
Særskilt tilrettelegging og spesialundervisning	8
Endring av kontrakt i læretida	8
Kompetanseprøve	11
Kompetansebevis	11
Om lærebedrifta	11
Sentrale omgrep i lærling- og lærekandidatordninga	13
Rutinar og ansvarsfordeling	14
Skulen sitt ansvar før søknad om opplæringskontrakt	14

# Innleiing

Ein kan oppnå tre ulike kompetansar i vidaregåande opplæring

**Yrkeskompetanse**

**Grunnkompetanse**

**Studiekompetanse**

Lærekandidatordninga er ei fleksibel ordning der ein kan skreddarsy fagopplæring til elevar som ynskjer opplæring i bedrift utan full yrkeskompetanse som siktemål. Målet er å tilby opplæring som gjev høgast mogeleg kompetanse ut frå den einskilde sine føresetnader, med mål om framtidig arbeid. Med ei slik ordning kan fleire lukkast med å gjennomføra vidaregåande opplæring. Sjølv om ein i utgangspunktet har grunnkompetanse som målsetjing, kan ein endra status til lærling undervegs og oppnå full yrkeskompetanse, dersom det er ynskjeleg og realistisk. For mange er lærekandidatordninga eit steg på vegen mot eit fagbrev.

Fylkeskommunen har ansvaret for vidaregåande opplæring.

I Vestland fylkeskommune er det rettleiingstenesta (RLT) som har ansvar for oppfølging gjennom råd til og rettleiing av lærlingar, lærekandidatar og lærebedrifter.

## Tidleg innsats

For å sikra ein god læringsprosess for aktuelle lærekandidatar, er det viktig å planleggja utdanningsløpet tidleg. Både grunnskule og vidaregåande skule bør informera om og vurdera, i lag med elev og føresette, om lærekandidatordninga kan vera aktuell. Arbeidspraksis medan ein framleis går på skule (Faget- yrkesfagleg fordjuping, YFF), er ein viktig arena der eleven kan få prøvd ulike fag og knytt band til ein mogleg lære plass. På denne måten blir både elev og bedrift betre kjent med kvarandre.

# Målet med lærekandidatordninga

Det er eit overordna mål at flest mogeleg skal gjennomføra og bestå vidaregåande opplæring.

Lærekandidatordninga kan bidra til at fleire ungdommar opplever slik meistring. Gjennom ordninga si fleksible innretning kan lærekandidaten oppnå kompetanse som er etterspurt og gir moglegheiter vidare i arbeidslivet. Med utgangspunkt i ein intern plan, er målsetjinga for lærekandidaten å:

- Meistra opplæringsituasjonen
- Oppnå høgast mogeleg kompetanse
- Bli best mogeleg kvalifisert for arbeidslivet
- Bidra til bedifta si verdiskaping
- Eventuelt oppnå fullt fagbrev på sikt

## Tverrfagleg samarbeid

Aktuelle samarbeidspartar:

Grunnskule  
Vidaregåande skule  
Kommune  
Fylkeskommune  
Lærebedrifter/opplæringskontor  
NAV  
Helseinstitusjonar  
Føresette/verge  
Barnevernet





# Kva er ein lærekandidat?

Lærekandidaten teiknar ein opplæringskontrakt med siktet på ein mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve. Opplæringskontrakten er ein avtale mellom lærekandidat, bedrift/opplæringskontor og fylkeskommunen om opplæring, på same vis som lærlingen sin lærekontrakt. Kontrakten vert teikna når læretilhøvet startar og blir godkjent digitalt av alle partar. Lærekandidaten skal på same vis som lærlingen også ha ein arbeidsavtale med lærebedrifta. Jamfør opplæringslova §§ 3-3, 4-1 og 4-5, forskrift til lova § 11-6.

# Kven kan bli lærekandidat?

Ungdom som har eller vil få utfordringar med å oppnå full yrkes- eller studiekompetanse, kan leggja opp eit løp mot grunnkompetanse.

Vurdering og avklaring om ein skal leggja opp til eit utdanningsløp med grunnkompetanse som mål, skal skje i eit samarbeid mellom elev, skule, føresette og eventuelt rettleiingstenesta. Det er viktig at eleven og dei føresette er godt informert om ordninga og kva det vil innebera av konsekvensar.

Ordninga er basert på dei same prinsippa som hovudmodellen i fag- og yrkesopplæringa. Ei fireårig utdanning, med to år i skule og to år læretid i ei bedrift. Opplæringa må skje innan eit programområde og ein må velja eit fag innan dette programområdet når ein skal teikna ein opplæringskontrakt med ei bedrift. Fleksibiliteten i lærekandidatordninga gjer det mogeleg med ulike løysingar, t.d. heile opplæringa i ei bedrift, eller eitt år i skule og tre år i ei bedrift. Når det gjeld den teoretiske opplæringa er det i utgangspunktet ikkje krav til bestått i felles- eller programfag for å vera ein del av lærekandidatordninga. For kandidatar der ein finn det føremålstenleg å jobbe mot bestått karakterar i felles- eller programfag vil det kunne leggast opp til ulike løp .

Ved avvik frå ordinær opplæringsmodell i faget må fylkeskommunen vurdere kvar einskilt sak, jamfør § 3-3 i opplæringslova.

# Tilpassa læreplan

Lærekandidaten skal ha ein intern, tilpassa plan for opplæringa. Den er eit viktig reiskap for å kunne planleggja, gjennomføra og dokumentera kandidaten si opplæring. Den skal lagast med utgangspunkt i den generelle delen av læreplanen, kompetansemåla i læreplanen for faget kandidaten har valt og bedrfta si produksjon. Planen skal ta omsyn til kandidaten sine føresetnader og kva for kompetansemål som skal nåast i læretida. Den kan endrast undervegs i læretida i samarbeid med bedrift/opplæringskontor, lærekandidat og fylkeskommunen og det kan gjerast heilt fram til oppmelding til kompetanseprøva.

## Særskilt tilrettelegging og spesialundervisning

Lærekandidatar har same tilgang på PP-tenester som lærlingar og elevar. I tillegg kan lærekandidaten også ha rett til spesialundervisning jamfør opplæringslova §§ 4-2 og 5-1.

## Endring av kontrakt i læretida


Lærekandidatordninga er fleksibel og det er mogeleg å gjera tilpassingar og endringar undervegs. Opplæringskontrakten kan endrast til lærekontrakt dersom lærekandidaten klarar å kvalifisera seg med bestått karakter i teorfaga etter gjeldande regelverk og har opplæring i alle kompetansemåla i læreplanen for faget. Lærekandidaten skiftar status til lærling og går då opp til ein ordinær fag- eller sveineprøve.

Ein lærekontrakt kan også gjerast om til opplæringskontrakt, med status som lærekandidat, dersom lærlingen har vanskar med å nå alle kompetansemåla i læreplanen. Opplæringa vil då ha kompetanseprøve som mål.

Slike endringar skal skje i dialog med lærling og lærebedrift med samtykkje frå fylkeskommunen og ikkje seinare enn seks månader før sluttdato for kontrakten jamfør § 4-6 i opplæringslova.

Eventuell avslutting av opplæringskontrakt før fullført opplæringstid skal skje i samsvar med § 4-6 i opplæringslova.

## Vegar som førar fram til fag-/sveinebrev





# Kompetanseprøve

På same måte som for lærlingar, fører lærekandidaten si opplæring fram til ei avsluttande prøve. Lærekandidaten sin prøve heiter kompetanseprøve og skal prøva lærekandidaten i dei opplæringsmåla som er fastsett i den interne læreplanen. Fylkeskommunen har ansvaret for at kompetanseprøva blir utarbeida og vurdert. Kompetanseprøva blir utforma og gjennomført etter same prinsipp som fag- og sveineprøver. Karakteren skal gje uttrykk for i kva grad kandidaten har nådd dei fastsette læreplansmåla, og blir gitt etter ein tredelt skala: Bestått mykje godt, bestått eller ikkje bestått. Jamfør forskrift til opp-læringslova § 3-46 - § 3-52.

# Kompetansebevis

Lærekandidaten får eit kompetansebevis som dokumentasjon på oppnådd kompetanse ved bestått kompetanseprøve. Her vil det og koma fram kva for kompetansemål lærekandidaten har fått opplæring og er prøvd i. Fylkeskommunen skriv ut kompetansebeviset jamfør forskrift til opplæringslova § 3-43.

# Om lærebedrifta

Alle typar bedrifter kan vera lærebedrift for lærekandidatar, dersom dei har aktuelle arbeidsoppgåver og ein fagleg leiar som fyller kriteria for godkjenning. Bedrifta må ikkje dekka alle måla i læreplanen for faget for å vere lærebedrift for lærekandidatar, men den må ha ein produksjon som dekker dei måla lærekandidaten skal ha opplæring i.



# Sentrale omgrep i lærling- og lærekandidatordninga

	Lærekandidat	Lærling
Kompetanse	Opplæring i eit begrensa tal læreplansmål – grunnkompetanse (kompetanse på lågare nivå)	Skal nå alle måla i læreplanen – full kompetanse – fag-/yrkeskompetanse
Kontrakt	Opplæringskontrakt	Lærekontrakt
Eksamens	Kompetanseprøve	Fag-/sveineprøve
Karakterskala	Ikkje bestått/Bestått/Bestått mykje godt	Ikkje bestått/Bestått/Bestått mykje godt
Dokumentasjon	Kompetansebevis	Fag-/sveinebrev
Lærestad	Godkjent lærebodrift	Godkjent lærebodrift
Læretid	2+2 eller inntil 4 år med full opplæring i bedrift	2+2 eller inntil 4 år med full opplæring i bedrift
Planverk	Heile eller delar av lærplan for vg3 opplæring i bedrift	Heile læreplanen for vg3 opplæring i bedrift
Søknad	1. februar i Vigo (Opplæringskontrakt kan teiknast gjennom heile året)	1. mars i Vigo (Lærekontrakt kan teiknast gjennom heile året)
Overgangsmoglegheiter	Frå opplæringskontrakt til lærekontrakt	Frå lærekontrakt til opplæringskontrakt
Tilskot	Basistilskot 1 eller 2, Gjennomføringsmidlar (ev. spesialpedagogiske midlar)	Basistilskot 1 eller 2, Gjennomføringsmidlar

# Rutinar og ansvarsfordeling

Vegen frå elev i skule til lærekandidat i bedrift kan verka uoversiktleg, med mange involverte partar. Her er ei oversikt over roller og ansvarsfordeling. Kven gjer kva til kva tid og kven skal ein samarbeida med i denne prosessen.

## Skulen sitt ansvar før søknad om opplæringskontrakt:

### Før søknad:

- Skulen har ansvaret for å informera og rettleia aktuelle elevar om lærekandidatorninga. tildømes elevar med planlagt grunnkompetanse, samt elevar med fleire stryk/ikkje vurdering eller mykje fråvær.
- Skulen må kjenna eleven sine evner og føresetnader, ha realistiske sluttmål, kjennskap til kva bedrifter eleven har prøvd seg i og korleis eleven fungerer sosialt og fagleg.
- Skulen kartlegg i samarbeid med eleven kva bransje og bedrift som kan vera aktuell.

### Ved innsøking:

Skulen bidreg til at søking skjer på korrekt måte og innan fristen, 1. februar.

Lærebedrift/Opplæringskontor sender Fylkeskommunen [melding via digitalt skjema](#) om at det skal oppretta ein opplæringskontrakt. Kandidaten må være folkeregistrert /busett i Norge

## Fylkeskommunen sitt ansvar i søknadsprosessen og fram til læretidas slutt:

- Rettleiingstenesta har møte med dei vidaregåande skulane om mogelege søkjrarar til lærekandidatordninga.
- Rettleiingstenesta gjev råd og rettleiing om lærekandidatordninga til skular, søkerarar og bedrifter.
- Der det er behov for avklaringsmøte med eleven, har ein møte med elev/føresette saman med skule og eventuelt Rettleiingstenesta.
- Rettleiingstenesta kan hjelpe til i arbeidet med å utarbeida intern tilpassa læreplan saman med kandidaten og bedrifta. Den tilpassa planen skal registrerast i Vigo innan 3 månader etter oppstart.
- Rettleiingstenesta har ansvaret for å fylgja opp bedrifta og lærekandidaten etter behov. Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, godkjenner oppmelding til kompetanseprøva og skriv ut kompetansebevis.
- Rettleiingstenesta skal ha melding om dei som ikkje er i vidaregåande skule.



A map of Norway with a light blue background. Overlaid on the map are numerous thin, white wavy lines that follow the coastline and extend inland, creating a textured pattern. Six small black circles with a white dot inside are placed on the map at various locations: two in the northern part, one near the center, one in the southern part, and two in the southeastern part.

vestlandfylke.no